
Saknr: 2020/49289-1
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-------------|-------------|------------|
| Klagenemnda | | 26.05.2020 |

Klagesak

Klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå fv.5246 – til frådelt parsell av gnr. 13 bnr. 92 - Hetlevik - Askøy kommune

Forslag til vedtak

1. Klage frå Synnøve Jacobsen over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 14.10.2019 om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Fv. 5246 til eigedomen gnr. 13 bnr. 92 Hetlevik i Askøy kommune, vert teken til følgje, på følgjande vilkår:

- Avkøyrsløse skal opparbeidast slik det er vist i reguleringsplan etter PBL. Kravet til friskt på 3 X 40 meter er i samsvar med skilta fart på 40 km/t og gjeldande vegnormal N100. Kravet til friskt er ifølgje reguleringsplan «Fv 212 Slettebrekka – Hetlevik, del 1 (Hetlevik) PlanID 275 6 X 54 meter. Dersom reguleringsplanen skal fråvikast kan ikkje arbeidet setjast i gang før det er søkt dispensasjon frå reguleringsplanen og Askøy kommune har gjeve dispensasjon.
- Avkøyrsløse må og fylle vilkåra etter veglova § 43 med tilhøyrande forskrift.

Samandrag

Synnøve Jacobsen søkte den 27.05.2019 om utvida bruk av avkøyrsløse til Statens vegvesen (SVV). Det var søkt om å nytte eksisterande avkøyrsløse som tilkomst til planlagt utskild tomt frå gnr. 13 bnr. 92 på Hetlevik i Askøy kommune, som det var ønske om å etablere bustad på. Statens vegvesen fatta den 14.10.2019 vedtak om avslag på søknaden om utvida bruk av avkøyrsløse. Tiltakshavar har klaga på vedtaket i skriv av 29.10.2019.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klagen som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klagen frå Synnøve Jacobsen over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 14.10.2019 om å avslå søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå FV 5246 til eigedomen gnr. 13 bnr. 92 i Askøy kommune, vert teken til følgje på vilkår.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:

1. Tiltakshavar, Synnøve Jakobsen, søknad om utvida bruk av avkøyrsløse, dagsett 27.05.2019.
2. Tiltakshavar, situasjonsplan avkøyrsløse, Langetangen, 27.05.2019.
3. Statens vegvesen Region vest, avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse, dagsett 14.10.2019.
4. Tiltakshavar, klage på avslag, dagsett 29.10.2019.
5. Statens vegvesen, oversendingsskriv – opprettheld avslag, dagsett 18.12.2019.
6. Tiltakshavar, merknader til oversendingsskriv frå SVV, dagsett 12.02.2020.
7. Fylkesdirektør infrastruktur og veg si vurdering, - opprettheld avslag, dagsett 24.04.2020.
8. Vestland fylkeskommune/politisk sekretariat, bilde dagsett 04.05.2020.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Synnøve Jakobsen søkte den 27.05.2019 om utvida bruk av avkøyrsla til Statens vegvesen. Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla frå fv. 5246 til Langetangvegen, som munnar ut i fylkesveg 5246. Bakgrunnen for søknaden er tiltakshavarar ynskje om å føre opp ein bustad på parsell som skal frådelast på gnr. 13 bnr. 92. Det er søkt om å opparbeide avkøyrsla slik at den har sikt på 3 x 30 meter. Tiltakshavar skriv at dei har vore i kontakt med Askøy kommune og at kommunen er positive til planen. (Vedlegg 1.)

Denne saka gjeld utvidande bruk av ein eksisterande avkøyrsla, med ein bustad. Det er søkt om å få koble seg på ein eksisterande veg, Langetangvegen, over naboeigedomene gnr. 13 bnr. 95. Ifølgje tiltakshavar har dei har fått rettighet til å leggje adkomstveg til bustaden over gnr. 13 bnr. 95, i samsvar med reguleringsplanen. Det går fram av saka at ein etablering av tilkomstveg til planlagt bustad på gnr. 13 bnr. 92, medfører permanent fjerning av køyrsla til ein annan av naboeigedomane, Hetlevikvegen nr. 124, som følgje av tiltaket. (Sjå kart, vedlegg 2.)

Avkøyrsla som det er søkt utvida bruk av, er regulert gjennom reguleringsplanen *Fv. 212 Slettebrekka - Hetlevik, del 1b(Hetlevik) g/s-veg, vegutbedring, planID 275* og er vedteken i 2012. Ifølgje opplysningar frå Statens vegvesen, er avkøyrsla slik den ligg i dag, ikkje opparbeid i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Krav til sikt i avkøyrsla som er sett i reguleringsplanen er 6 x 54 meter. Eksisterande sikt i avkøyrsla er antatt å vere om lag 6 x 25 mot vest og 6 x 37 meter mot aust. (Fylkesvegen har fått endra referansenummer frå Fv. 212 til fv. 5246).

Den aktuelle eigedomene ligg i eit uregulert område og er i *Kommuneplanens arealdel 2012-2023* vist som eit bustadområde.

I «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» er fv. 5246 vist med fargekode blå, som betyr «mindre streng haldning».

Statens vegvesen fatta vedtak om avslag på søknaden den 14.10.2019. I avslaget vart det hovudsakleg vist til trafikktryggleiken og at forholdet for mjuke trafikantar på Fv. 5246 ikkje er tilfredsstillande, då gåande og syklande ikkje har eit eige areal som dei kan nytte. Det var og vist til at fylkesvegen hadde en ÅDT på 1800, Jfr. Tall frå Nasjonal vegdatabank (NVDB). Avslaget var fatta med heimel i veglova § 40. (Vedlegg 3.)

Tiltakshavar klage på vedtaket i skriv av 29.10.2019. (Vedlegg 4.) Klagen er fremja innan klagefristen på tre veker.

Statens vegvesen har i skriv av 18.12.2019 vurdert saka og klagen på nytt, og har funne å oppretthalde sitt vedtak om avslag. Dei har utarbeid eit oversendingsbrev til fylkeskommunen. (Vedlegg 5)

Synnøve Jacobsen og Petter Hole (ektefelle/sambuar til Jakobsen) har kome med merknader til oversendingsbrevet som vegvesenet har sendt til fylkeskommunen. (Vedlegg 6)

Fylkesdirektør infrastruktur og veg har gjeve si vurdering i skriv av 24.04.2020. Fylkesdirektøren finn ikkje grunn til å gjere om vedtaket om avslag på utvida bruk av avkøyrsla av 14.10.2019. (Vedlegg 7)

Rettsleg grunnlag

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd, vedtak som kan påklages, klageinstans:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalet eller en eller fleire særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen en eller

fleire særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget eller av det øverste organet i eget rettssubjekt som har fått overført myndighet frå kommunen eller fylkeskommunen. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.»

Det går fram av veglova § 1 a at:

«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

Det går fram av veglova § 40:

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven. Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta. Vegstyremakta kan krevje at avkjørsle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner. Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»

Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar 2017-2020 er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkøyrslar- og byggegrensesaker. Eit viktig prinsipp er at teknisk utforming av avkøyrslar skal vera i samsvar med Vegvesenet sine handbøker N100 og handbok V121. Rammeplanen for avkøyrslar har vore til endeleg handsaming i Hordaland fylkeskommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dei einskilde vegane, har fått tildelt ein haldningsklasse/strengleiksklasse som gjeld mellom anna avkøyrslar-søknadene. Haldningsklassane er ein peikar på kor strengt søknadene bør vurderast. Haldninga er visualisert med ulike fargekodar på kart. Riks- og fylkesvegnettet i Region vest er sett i ein av fire strengleiksklasser:

1. Meget streng haldning (Raud).
2. Streng haldning (Gul).
3. Mindre streng haldning (Blå).
4. Lite streng haldning (Grøn).

Klagen

Tiltakshavar, Synnøve Jakobsen, har den 29.10.2019 sett fram klage på vedtak om avslaget. I klagen vert det vist til at vegvesenet har lagt feil fakta til grunn i vurderinga for avslaget. Ho presiserer at det ikkje skal etablerast ein ny avkøyrslar, men koble seg på ein eksisterande veg, Langetangvegen, som munnar ut i fylkesvegen. Det er her tale om utvida bruk ein eksisterande avkøyrslar, og at ei anna avkøyrslar vil verta fjerna som følgje av deira tiltak.

Klager peikar på at ho finn saksbehandlingstida svært lang. Klager viser deretter til at det sentrale med søknaden hennar, er at søknaden berre gjeld utvida bruk av ein eksisterande avkøyrslar med ein bustad.

Ifølgje klagar, er grunngevinga for avslaget til Statens vegvesen, mangelfull. Ho viser til at ein standardtekst om nullvisjonen er lite informativ og lite konkret som grunngeving for avslaget. Ho stillar og spørsmål ved om vegvesenet henvisning til at Hetlevikvegen har ein ÅDT på 1800, kan vere rett. Klagar meiner at det er tilhøve som tilseier at trafikkmengda på gjennomsnitt 1800 køyretøy i døgeret som SVV har lagt til grunn, ikkje er korrekt, men lågare enn 1800. Det vert vist til at nokre bustadhus står tomme og at nokre hus skal rivast. I tillegg er fartsgrensa låg, det er fartsdumpar og sykkelsti på deler av veggen. Ho meiner dei mjuke trafikkantane er tekne omsyn til. Klagar peikar og at trafikktryggleiken vert betre om dei får nytte denne avkøyrslar, dette fordi dei vil køyre mindre bil enn dei gjer i dag. Ho skriv at dei køyrer i dag frå Hetlevikvegen 21 på Follese til barnehage og familie i Hetlevik. Dette vil dei sleppe om dei bur på Hetlevik.

Det vert vist til klagen i sin heilheit, sjå vedlegg nr. 4.

Statens vegvesen Region vest si vurdering

Statens vegvesen har vurdert saka på nytt. Dei har og vore på staden og vurdert avkøyrsla. I oversendingsskriv dagsett 18.12.2019, vert det hovudsakleg vist til at:

- I opphavleg avslag er saka vurdert med utgangspunkt i at dei skal kople seg på ei eksisterande avkøyrsla, ikkje etablere ei ny. At ei anna eksisterande avkøyrsla vert fjerna er positivt med tanke på tryggleiken, men ei godkjenning av søknaden vil uansett innebere ei potensiell auke i trafikken og at ein ekstra husstand vert kopla til den trafikkfarlege Hetlevikvegen.
- SVV har utover klagar si påpeiking om feil grunnlag for trafikktalet, ikkje motteke dokumentasjon som seier noko meir om dette. SVV legg til grunn at opplysningane dei har frå Nasjonal vegdatabank ikkje inneheld feil.
- Det er vektlagt at det ikkje er noko tilbod til mjuke trafikantar, trass i at born ferdast til og frå skule og idrettsbane. Ved fleire høve har SVV fått bekymringsmeldingar knytt til ferdsel langs fv. 5246. Hetlevik Skole ligg nærare enden av fv. 5246 enn omsøkt avkøyrsla.
- Det er vist til nullvisjonen, som er eit ambisiøst mål som inneber innsats i alle ledd inkludert enkeltsøknadar om avkøyrslar.
- Gang- og sykkelveg på Hetlevik låg inne som ein del av Askøypakken, men vart teken ut. Frå rundt 2018 vart det klart at eit tilbod til mjuke trafikantar kan ligge langt fram i tid, og SVV endra då forvaltningspraksis: Dei har sidan vore negative til spørsmål om utvida bruk av avkøyrslar til nye bustadar.
- SVV meiner det er uforvarleg å opne for meir bustadbygging i Hetlevik før eit tilbod til mjuke trafikantar er etablert. Eit løyve i denne saka vil skape presedens for vurderinga av framtidige søknadar.

SVV tilrår å oppretthalde avslaget, med grunngjeving i omsynet til trafikktryggleik på staden, uavklarte tilhøve kring finansiering av regulert gang- og sykkelveg og faren for presedensverknad. Med bakgrunn i dette meiner SVV at eit avkøyrsløyve vil vere i strid med nullvisjonen og dei omsyn veglova § 1 skal ivareta. Dersom klagenemnda gjev medhald, må det gå fram av vedtaket at avkøyrsla skal opparbeidast i tråd med gjeldande reguleringsplan. Statens vegvesen skriv:

«Merknad:

Dersom klagenemnda gjev tiltakshavar medhald i si klage må det gå fram av vedtaket at avkøyrsla skal opparbeidast slik den er vist i reguleringsplan etter PBL. Klagenemnda har ikkje høve til å godkjenne løysinga tiltakshavar har lagt til grunn for si søknad etter veglova. Kravet til frisikt på 3 x 40 meter er i tråd med skilta fart 40 km/t og gjeldande vegnormal N100. I reguleringsplanen er det likevel sette strengare krav. Planen viser 6 x 54 meter frisikt. Skal reguleringsplanen fråvikast kan ikkje arbeidet setjast i gang før Askøy kommune har gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen.»

Merknader frå Synnøve Jakobsen og Petter Hole

Synnøve Jakobsen og Petter Hole (ektefelle/sambuar til Jakobsen) sendte den 12.02.2020 merknader til oversendingsbrevet som Statens vegvesen sendte til fylkeskommunen den 18.12.2019. (Vedlegg 6)

I merkningen går det hovudsakleg fram at:

«Klaga uttrykkjer skuffelse over at dei ikkje vart tekne med på synfaring, og meiner dette viser låg grad av samarbeidsvilje og forståing. Det vert vist til at trafikkmengda ikkje vil auke som følge av etablering av bustad, då dei allereie køyrer til området, og at utvida bruk av avkøyrsla vil redusere gjennomgangstrafikken fordi klaga då kan sykle eller gå til dei ulike gjeremåla. Igjen peikar dei på feil trafikkgrunnlag, med bakgrunn i at teljepunktet står langt ifrå det relevante området og at det relevante området ligg ved slutten av endeveg.»

Jakobsen og Hole er overraska over at SVV i oversendingsbrevet trekk fram andre søknadar og omsynet til lik handsaming, og at tilliten til sakshandsaminga er svekka då fleire argument først kjem fram i oversendingsbrevet. Framleis meiner dei grunngjevinga er for mangelfull, og at det ikkje er gjeve ei konkret grunngjeving for deira avslag. Jakobsen og Hole meiner deira sak berre vil skape presedens for tilsvarende saker, der ei trafikkfarleg avkøyrsla vert stengt og i staden utvidar bruken av ei meir trafikksikker avkøyrsla.

I tillegg reagerer klagar på at SVV viser til rammeplanen, men ikkje held seg til retningslinene i den om at «Godkjenning til utvida bruk av bustadavkjørsler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt». Klagar opplever at SVV ikkje har vurdert om det i denne saka er grunn til å avvike frå «normalsituasjonen».

Det peikast på at den strenge praksisen til SVV kan øydelegge eller hindre barnefamiljar i å etablere seg i nærleik av familie, omgangskrets, skule og barnehage.»

Fylkesdirektør infrastruktur og veg si vurdering

Fylkesdirektør infrastruktur og veg har den 24.04.2020 gjeve følgjande vurdering:

«Saka er slik vi ser det, grundig gjennomgått og med korrekt grunnlag. Dom frå Bergen tingrett stadfestar at SVV eller fylkeskommunen med heimel i veglova § 40 kan handsame søknadar om utvida bruk av avkjørsler sjølv om avkjørsle er regulert, der sjølve tiltaket ligg utanfor regulert område. I reguleringsføresegnene står det at «Avkjørslene F1-F12 er felles avkjørsel for de eiendommene som sogner til vegen». Reguleringsplanen viser at den aktuelle vegstrekninga har ei avkjørsle, men det er ikkje dermed sagt konkret kor mange bueningar som kan nytte seg av avkjørsle.

At trafikkmengda aukar eller minka er, slik vi forstår saka, ikkje poenget. Poenget er at klagar sjølv vil verte utsett for forholda på fv. 5246, og ikkje ha noko tilrettelagt areal å nytte som mjuk trafikant. Eit løyve i denne saka vil difor òg skape presedens for liknande saker. Sjølv om det kan vere snakk om utvida bruk av avkjørsle utan å stenge andre avkjørsler, må andre som ynskjer å flytte til Hetlevik gå eller sykle på fv. 5246 utan fortau eller gang- og sykkelveg. Med fleire tilbakemeldingar om at fv. 5246 er ein farleg veg for mjuke trafikantar der det ikkje tilrettelagt for gåande og sykklande, meiner vi det er uforsvarleg å opne for meir bustadbygging i Hetlevik før eit tilbod til mjuke trafikantar er etablert.

Vi er elles einige med SVV om at eit avkjørsleløyve i denne saka vil vere i strid med nullvisjonen og dei omsyn veglova § 1 skal ivareta.

Som det vert peika på i oversendingsbrevet frå SVV, må det dersom det vert gjeve medhald setjast krav om at avkjørsle skal opparbeidast slik den er vist i reguleringsplanen.

Fylkesdirektør infrastruktur og veg finn ikkje grunn for å gjere om vedtaket om avslag på utvida bruk av avkjørsle av 14.10.2019.»

Fylkesrådmannen si vurdering

Statens vegvesen Region vest og Fylkesdirektør infrastruktur og veg har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i mellom anna vegloven § 1 og § 40, Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest, dei tekniske krav som går fram i handbok N 100. Dei viser og til «Null-visjonen». Det vert og vist til ein dom frå Bergen tingrett som stadfestar at vegvesenet eller fylkeskommunen med heimel i veglova § 40 kan handsama søknader om utvida bruk av avkjørsler. Saka er godt opplyst. Dei har ikkje funne grunn til å ta klagen til følgje.

Omsøkte avkjørsle ligg langs Hetlevikvegen. Fartsgrensa er 40 km/t. Deler av Hetlevikvegen er smal, og det er ikkje fortau langs vegen. I området strekninga kor avkjørselen er, er denne strekninga på vegen flat, rett og relativt oversiktleg. Avkjørsle er på venstre side av vegen når ein køyrer frå Bergen mot Hetlevik. Ved handsaminga av denne klagesaka, har ein frå administrasjonen vore på staden og vurdert avkjørsle den 04.05.2020. Administrasjonen vurderer den eksisterande avkjørsle som synleg i trafikkbildet.

Statens vegvesen har mellom anna vist til «null-visjonen» og dei omsyn veglova skal ivareta i § 1 a, i sitt avslag. Det vert og vist til at det ikkje finnast noko tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Dette trass i at born ferdast på denne vegstrekninga til/frå skule og til fritidsaktivitetar. «Null-visjonen» har som mål å planleggje, å leggje til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulukker ikkje skal oppstå.

Fylkesrådmannen vil presisere at dei set omsynet til mjuke trafikantar svært høgt, og «null-visjonen» ligg til grunn i all trafikkfagleg planlegging som fylkeskommunen gjer. Det er imidlertid her tale om auka bruken av avkjørsle Langetangen med ein personbil, medan det er ei anna avkjørsle som vil bli stengt som følgje av tiltaket. Det er med andre ord tale om ei lita auke i trafikkmengda til/frå fylkesvegen.

Tiltakshavar har sin klage stilt spørsmål ved om ÅDT-talet på 1800 frå Nasjonal vegdatabank som vegvesenet har lagt til grunn, kan vere rett. Vegvesenet har undersøkt saka, og har ikkje motteke dokumentasjon som seier noko anna enn dette. Fylkesrådmannen legg opplysningane frå vegvesenet og Nasjonal vegdatabank til grunn.

Statens vegvesen peikar i sitt oversendingsskriv til at eit avkøyrsløyve i denne saka vil skape presedens for vurdering av framtidige avkøyrsløynader. Dei peikar på at det allereie er ein utfordrande trafikksituasjon i Hetlevikvegen. Det er peika på at etter 2018 har vegvesenet endra si forvaltningspraksis, og vert restriktive med å gje avkøyrsløyve, då denne strekninga av Hetevikvegen ikkje lenger er med i prosjektet «Askøypakken». Til dette er det å bemerke at kvar einskilt søknad skal gjevast ein konkret handsaming.

Fylkesrådmannen legg vekt på at det er viktig å kunne etablere få, men gode avkøyrslar og kryss langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdsel og god trafikktryggleik for framtida. Jo fleire avkøyrslar ein veg har, jo større er risikoen for at det kan oppstå trafikkulukker. Ein er av den oppfatning at det i området kring ut og innkøyring langs fylkesvegen 5256, Hetlevikvegen bør vere oversiktleg med minst moglege overraskande trafikale moment. Fylkesrådmannen vil her vise til at søknaden gjeld utvida bruk av ein eksisterande avkøyrsl med ein bustad. Fylkesrådmannen vil og vise til, slik det går fram av saka, vil ein annan avkøyrsl, avkøyrsla frå Hetlevikvegen nr. 124, bli fjerna som følgje av tiltaket. Dette er gunstig av trafikksikkerheitsgrunnar at talet på avkøyrslar som går direkte ut i fylkesvegen vert redusert og noko som vert vurdert som positivt, då det vert ein avkøyrsl mindre på Hetlevikvegen og ein får eit meir oversiktleg trafikkbilde.

Det går fram av veglova § 40 1. ledd at:

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.»

Avkøyrsla som det vert søkt om utvida bruk av er regulert i PlanID 275 «Fv 212 Slettebrekka – Hetlevik, del 1 (Hetlevik), g/s-veg, vegutbedring.» Her ligg det føre ein reguleringsplan for avkøyrsla. Regulert avkøyrsl er vist med siktlinje 6 x 54.

Det går fram av saka at avkøyrsla slik den er i dag, ikkje er opparbeid slik reguleringsplanen viser.

Fv. 5246 er i rammeplan pkt. 3.3, vist med fargekode «blå» som betyr ei mindre streng haldningsklasse. For mindre streng haldningsklasse går det fram at:

- Talet på direkte avkøyrslar til vegane skal vere avgrense.
- Nye bustadavkøyrslar bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrslar må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga.
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt.

Kriterium som kan gje unntak i særskilte høve:

«Der årsdøgertrafikken er over 1500 kjt/døgn og fartsgrensa er 70 km/t eller høgare, bør nye avkøyrslar avklarast i reguleringsplanen.»

Fylkesrådmannen vil her leggje vekt på Rammeplanens punkt 3.3 «mindre streng haldning (BLÅ) viktig lokalveg/lokalsamlevegfunksjon.» Her går det klart fram at: «Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt». I denne saka er det søkt om utvida bruk av ein eksisterande avkøyrsl, med ein bustad/bustadføremål. Det er og søkt om å opparbeide avkøyrsla slik at den har ei sikt på 3 x 30 meter. Fylkesrådmannen vil imidlertid peika på at kravet til sikt i avkøyrsla som er sett i reguleringsplanen er 6 x 54 meter.

I rammeplanens pkt. 3.2, prinsipp for plassering av og utforming av avkøyrslar, går de mellom anna fram:

«-Teknisk utforming av avkøyrslar må vere i samsvar med handbok N100 og handbok V121.

-Høve til å knyte seg inn på eksisterande avkøyrsl skal alltid vurderast først.

-Nye avkøyrslar vert vist til eksisterande avkøyrsl der denne er rimelig nær.»

Her går det fram at høve til å knyte seg inn på eksisterande avkøyrsl skal alltid vurderast først og at nye avkøyrslar vert vist til eksisterande avkøyrsl der denne er rimelig nær. Tiltakshavar har her søkt om å få bruka ei eksisterande avkøyrsl. Denne avkøyrsla er «rimelig nær», på naboeigedomen. Ifølgje opplysningar frå tiltakshavar har ho fått rettighet til å leggje adkomstveg til bustaden over naboeigedomen gnr. 13 bnr. 95.

Fylkesrådmannen finn at det med grunnlag i veglova § 40 1. ledd er heimel for å gje tiltakshavar medhald i si klage, og gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla, frå Fv. 5246 til Langetangen til parsell av gnr. 13 bnr. 92 på **følgjande vilkår**:

- Avkøyrsla skal opparbeidast slik det er vist i reguleringsplan etter PBL.
Kravet til frisikt på 3 X 40 meter er i samsvar med skilta fart på 40 km/t og gjeldande vegnormal N100. Kravet til frisikt er ifølgje reguleringsplan «Fv 212 Slettebrekka – Hetlevik, del 1 (Hetlevik) PlanID 275 6 X 54 meter.
Dersom reguleringsplanen skal fråvikast kan ikkje arbeidet setjast i gang før det er søkt dispensasjon frå reguleringsplanen og Askøy kommune har gjeve dispensasjon.
- Avkøyrsla må og fylle vilkåra etter veglova § 43 med tilhøyrande forskrift.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rå til at klage frå Synnøve Jakobsen over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 14.10.2019 om å avslå søknaden om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla frå Fv. 5246 til parsell av gnr. 13 bnr. 92, Hetlevik i Askøy kommune, vert teken til følgje med vilkår som nemnd ovanfor.

Vedtakskompetanse:

Reglement for klagenemnda, punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader:

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Avkøyrsla det vert søkt om utvida bruk av er regulert.

Konklusjon

Klaga vert teke til følgje på vilkår. Sjå ovanfor.